



Arkivnr: 2014/19439-1

Saksbehandlar: Arne Åsan

Saksframlegg

Saksgang

Utvål	Saknr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet		16.09.2014
Fylkesutvalet		24.09.2014

Utkast til klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland

Samandrag

Fylkesrådmannen i Hordaland ga i desember 2013 fylkestannlegen i oppgåve å utarbeide ein klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland. Ein ny klinikkstrukturplan skulle erstatta den tidlegare fylkesdelplanen om «Tannhelsetenester i Hordaland 2010-2013».

Noverande klinikkstruktur i Hordaland er i stor grad styrt av klinikkplanen som vart utvikla då folketannrøkta vart innført i Hordaland frå 1.1.1964. Då var klinikkstrukturen utforma med tanke på at tannhelsa var så dårleg at den førte til mange og hyppige tannlegebesøk. I tillegg var kommunikasjonsmønster og tilgang på offentleg og privat transport svært ulik tilhøva i vår tid.

Klinikkløysingane har dessutan kome som følgje av meir kortsiktige vurderingar i form av tannhelseplanperiodar på 4 år. Når ein ny tannklinikk vert etablert vil det som hovudregel bli inngått leigeavtalar for minst 15 år. Nedskrivning på tannlegeutstyret blir også rekna til 15 år. Med ein ny klinikkstrukturplan med tilsvarande tidsramme er det mulig å kunne planlegge utviklinga og dermed ressursbruken på ein meir tenleg måte.

Den nye klinikkstrukturplanen for tannhelsetenesta i Hordaland vil danne grunnlaget for at tannhelsetenesta i Hordaland kan tilby fagleg betre, meir stabile og tilpassa tannhelsetenester til innbyggjarane i Hordaland.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek å senda på høyring utkast til klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland til alle kommunar og aktuelle organisasjonar i fylket. Høyringsperioden vert 1. oktober til 1. november 2014.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Arne Åsan
fylkestannlege

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 24.07.2014

Her startar saksutgreiinga